



Sak nr 02/2023

Møtedato: 22.02.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Oppmåling av utseppsløysing på hyttefeste 520, Flisøyne

Det er motteke høyringsdokument frå Statskog, der hytte [94/1/520](#) på støslaget Flisøyne ynskjer å etablere VA-løysing då det skal byggast ny hytte.

Området er undersøkt av VA-konsulent, der det ikkje er grunnforhold for valt utseppsløysing (svartvannsutsepp med slamavskiljar) nær festetomta. Dei ber difor om å få etablere infiltrasjonsgrøft lenger unna festetomt, evt tilpasse tomt. Statskog krev oppmåling av tomt i samband med dette tiltaket, der tomt ikkje skal overstige 1000 m<sup>2</sup>.

Forslag til løysing frå hyttefestar:




Fig 1: plassering av VA-anlegg




Fig 2: arrondering av tomt – forslag frå Statskog

Det er i høyringsbrev frå Statskog sett krav til at grense for arealfeste skal vere minst 4 meter frå hytteveg på ny hytte, der og hytta og slamavskiljar skal vere innafør tomta. Uthuset har søkjer sjølv oppgitt skal rivast, då hytta er akkurat innafør nye krav til utnytting i kommuneplan. Forslag til tomt frå Statskog legg opp til at det arealet som i praksis vert nytta som uteareal skal inngå i festetomta – men med unntak av infiltrasjonsgrøft som vert liggande utanfor tomta. Dette grunna med maks tomt på 1000 m<sup>2</sup>, og at infiltrasjonen vert plassert såpass langt unna. Statskog legg her opp til at det skal innarbeidast tillegg i festekontrakten for infiltrasjon.

### Drøfting:

Det er i utgangspunktet uheldig at det vert plassert infiltrasjonsanlegg utanfor eige tomt – som for punkt feste ikkje skal vere meir enn 1000 m<sup>2</sup>. Det inneber i praksis at meir areal vert take opp til fritidsfremål.

Denne tomta ligg imidlertid ikkje tett opptil stølsjorde/ eller anna areal som er definert som «dyrkbart». Slikt sett vil ikkje påverke framtidig stølsutviding negativt. Det at infiltrasjonsanlegget vert liggande utanfor evt inngjerding rundt hytta kan vere negativt på den måten at ferdsel med større beitedyr kan øydelegge infiltrasjon under gitte forhold, slik at det kan vere ein viss fare for at hytte-eigarar kan jage bort beitedyr grunna denne faren. Kor reelt dette er usikkert.

I prinsippet er administrasjonen negativ til å tilrå anlegg som ligg utanfor det areal som eit punkt feste gjev. Det finst andre anlegg som t.d. minirensanlegg/ tett tank på svartvann med eige anlegg for gråvann som mest sannsynleg let seg gjera innafør tomta på 1000 m<sup>2</sup>. Dette er ikkje utreda så langt ein kan sjå.

Dersom ein skal kunne tilrå denne søknaden, bør det knyttast til at for akkurat denne tomta er det ikkje dyrkbart areal i nærleiken, ingen nærliggande stølar, eller andre forhold som gjer at dette kan påverke støslaget/beitenæringa negativt. Dette i tillegg til de argument som føreligg for grunnforhold. (alternativ 1)

Dersom fjellstyret er negativ til prinsippet om at deler av VA-anlegg skal ligge utanfor avsett tomt, er det mogleg å be om ei utredning for grunnforhold tilknytta ein anna type anlegg med eks lukka anlegg for svartvatn. (Alternativ 2)

Oppsummering:

I denne saka tilrår administrasjonen (under tvil) ei positiv haldning til omsøkt anlegg som er plassert utanfor føreslegen tomt. Dette sidan det er byggeplanar igangsett, og det er ikkje komme krav om utredning av anlegg med lukka løysning for svartvatn på eit tidlegare tidspunkt. Dette vil då kunne forsinke prosjektet som er uheldig. Det er og eit moment at infiltrasjonsgrøfta ikkje vert plassert altfor langt unna føreslegen tomtearrondering.

Det er ikkje sendt med søknad om oppføring av gjerde. Det poengterast frå administrasjonen at når ein sjølv legg opp til utvida bruk av fellesareal, gjev ikkje dette meir rettighet til å seinare kunne gjerde inn meir areal enn det kommuneplanen pr no legg opp til.

**Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre tilrår Statskog sitt forslag til tomtearrondering for 94/1/520, med plassering av infiltrasjonsanlegg som vist på tilsendte skisser i epost datert 11.januar 2023

**Vedtak:**

Som forslaget

*Samrøystes vedteke*

*Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.*

Vestre Slidre fjellstyre den 23.02.2023

Kenneth Monsen  
sekretær

Kopi:  
Eigar av 94/1/520  
Statskog